



Interkommunalt
politisk råd
Nord-Gudbrandsdal

HANDLINGSPLAN 2025

Denne handlingsplanen inneholdt tiltak i tråd med Strategisk plan for Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal for perioda 2020-2024.

Ny strategisk plan for perioden 2025-2028 skal vedtakast i mars 2025.

Vedteken: Representantskapet 13.12.24, sak 2024/6

Innhald

SATSINGSOMRÅDE 1 – ARBEIDSPlassar	3
Felles næringssamarbeid (6K Næring)	3
Utdanning og fagopplæring	3
Gudbrandsdalstinget	4
Nærings- og samfunnsmessig interessearbeid	4
Politisk interessearbeid	5
INSAM og innovasjon	5
Innovasjonsverkstad helse	6
SATSINGSOMRÅDE 2 – KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR	7
Nasjonal transportplan 2025-2036	7
Fylkesvegprogrammet og mobilitet	7
Luftfart	8
Strømnett	8
Beredskap	9
SATSINGSOMRÅDE 3 – ATTRAKTIVITET	9
Arbeid og bustad	9
Folkehelse	10
Styrka frivilligheit i Nord-Gudbrandsdal	10
Ung i Nasjonalparkriket	11
Økonomisk støtte til prioriterte arrangement	11
Medlemskap i nettverk	12
FORDELING PARTNERSKAPSMIDLAR 2025	14
BUDSJETT 2025	15

SATSINGSOMRÅDE 1 – ARBEIDSPlassar

Felles næringsssamarbeid (6K Næring)

Beskriving:

Alle næringskonsulentane møtest fast kvar veke til møte, der dagleg leiar og/eller regionkonsulent deltek. Grupperinga er sentral i alt arbeid med "Attraktivitet" i regi av IPR. Dei utvalde tema skal vere i tråd med den gjeldande strategiske handlingsplanen for Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal.

Mål:

Styrke Nord-Gudbrandsdalen som ein attraktiv region for både privatpersonar og næringsliv ved å finne innovative og framoverlente arbeidsmåtar mot næringslivet, innbyggjarar og potensielle etablerarar.

Tiltak:

Samarbeide om:

- Førstelineteneste for bedrifter, inkl. operativ støtte til enkeltbedrifter opp mot verkemiddelapparatet
- Rekruttering av kvalifiserte medarbeidarar og legge til rette for næringsaktørar
- Kompetanseheving og nettverksbygging
- Arbeid mot verkemiddelapparat på fylkes- og riksnivå
- Arbeid mot sentrale myndigheiter i felles nærings- og regionalpolitiske saker
- Ad hoc næringsarbeid og næringsprosjekt

Utdanning og fagopplæring

Beskriving:

Regionen møter auka utfordringar med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft med fagbrev eller høgare utdanning. Utdanningstilbodet ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule har vorte smalare og dekkar i mindre grad arbeidslivets behov. Færre elevar og pressa økonomi kan føre til ytterlegare reduksjonar. Kommunar og næringsliv etterspør fleksible, desentraliserte vidareutdanningstilbod. Tilgang på rett kompetanse er avgjerande for å sikre tenester, verdiskaping og innovasjon. Nord-Gudbrandsdal må møte demografiske utfordringar og låg aldersbæreevne gjennom målretta kompetansetiltak for rekruttering og tilrettelegging av velferdstenester. Samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane, næringslivet og høgskulane er naudsynt for å utvikle fleksible utdanningsmodellar og rekrutteringstiltak. Tilboda innan vidaregåande skule og utdanningstilbod for vaksne må vere føreseielege og tilpassa dagens og framtidens behov.

Mål:

- Styrke rekrutteringa til bransjar og tenester med rekrutteringsutfordringar
- Oppretthalde eksisterande tilbod ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule

- Etablere nye tilbud gjennom fleksibel organisering av undervisning
- Utvikle fleire fleksible etter- og vidareutdanningstilbod for vaksne

Tiltak:

- Målretta arbeid for å styrke og utvikle det fleksible utdannings- og opplæringstilbodet
- Arbeide for å få på plass desentraliserte utdanningar som regionen etterspør
- Forsterke dialogen mellom fylkeskommunen, kommunane, UH-sektoren, næringslivet og opplæringskontora
- Arbeide for fleire læreplassar i privat og offentleg sektor i regionen

Gudbrandsdalstinget

Beskriving:

Gudbrandsdalstinget består av politisk valde representantar frå kommunane Dovre, Gausdal, Lesja, Lillehammer, Lom, Nord-Fron, Ringebu, Sel, Skjåk, Sør-Fron, Vågå og Øyer, samt Innlandet fylkeskommune. Statsforvaltaren i Innlandet, der fylkeskommunedirektøren og kommunedirektørane har møte- og talerett. Gudbrandsdalstinget har to årlege møteplassar der ordførar, opposisjonsleiar og kommunedirektør deltek, samt eit arbeidsutval som førebur møter. Regionkontora byter på å ha sekretariatet for Gudbrandsdalstinget. I 2025 har Lillehammer-regionen ansvaret.

Mål:

- Tinget er ein politisk arena som skal løfte fram felles saker som er viktige for heile Gudbrandsdalen, og fungere som eit sterkt talerøyr for regionen
- Tinget skal utvikle ein felles politikk for prioriterte områder som påverkar Gudbrandsdalsamfunnet, med mål om å styrke regionen si samstemte røyst
- Tinget skal fremje samarbeid mellom kommunar og aktørar, og aktivt bidra til utvikling og verdiskaping i heile Gudbrandsdalsregionen

Tiltak:

Å konkretisere målsetjingane gjennom aktiv bruk av styringsdokumenta

Nærings- og samfunnsmessig interessearbeid

Beskriving:

Å opprette ein økonomisk reserve for å handtere uføresette hendingar der kommunane har behov for regional støtte. Dette skal sikre handlingsrom til å sette i verk tiltak som kan dempe negative samfunnsmessige konsekvensar i regionen.

Mål:

Vere førebudd til å sette i verk raske tiltak ved behov

Tiltak:

Kunne knytte til seg ekstern spisskompetanse som kan vere til hjelp i politiske prosessar

Politisk interessearbeid

Beskriving:

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal har eige budsjettområde som finansierer delar av det politiske arbeidet i representantskapet og andre relevante samarbeidsfora. Kvart år krev budsjettområdet ny løyving for å oppretthalde og styrke den utadretta aktiviteten frå regionen. Det er forventa eit aukande fokus på politisk interessearbeid framover.

Mål:

Å sikre at regionen/kommunane kan drive politisk interessearbeid

Tiltak:

- Forsterke det politiske interessearbeidet i regionen inn mot sentrale myndigheiter i samarbeid med Innlandet fylkeskommune for å fremje viktige saker for Nord-Gudbrandsdal
- Politisk interessearbeid for å sikre og oppretthalde statlege tenester og nærvær i regionen, slik at innbyggjarane får tilgang til nødvendige offentlege tilbod og ressursar

INSAM og innovasjon

Beskriving:

I 2023 vedtok kommunestyra Handbok og viljeserklæring for interkommunalt samarbeid (INSAM), som blir følgd opp av kommunedirektørane. IPR koordinerer samarbeidet og har frå 2024 ein dedikert ressurs til dette. IPR støttar innovasjon og legg til rette for tiltak kommunane ikkje kan realisere åleine, med fokus på utprøving og utvikling der behovet er størst. Færre yrkesaktive per pensjonist gjer omstilling avgjerande.

Mål:

- Fremje helse, meistring, tryggleik og sjølvstende
- Auke kompetansen på designdrive innovasjon
- Styrkje samhandling mellom kommune- og spesialisthelsetenesta
- Auke forskingsaktiviteten i regionen
- Forankre ein kultur for innovasjon

Tiltak:

- Implementere meistringsteknologi og digital heimeoppfølging i ein heilskapleg modell
- Vidareutvikle Innolab i samarbeid med 6K, fylkeskommunen og Helselnn
- Støtte innovasjonsprosessar i kommunane

- Samarbeide tett med Helsefellesskap og Digi Innlandet
- Sikre dialog med kommunane gjennom faste møte og digitale kanalar

Innovasjonsverkstad helse

Beskriving:

Innolab er eit fleksibelt rom som legg til rette for samarbeid, kreativ problemløysing, utvikling og testing av nye tenester og teknologi innan helse og utdanning. Verkstaden er eit samarbeid mellom kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Dovre og Lesja, HelseINN, Innlandet fylkeskommune og Interkommunalt Politisk Råd for Nord-Gudbrandsdalen.

Innolab er lokalisert på Otta, ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, og er samlokalisert med skulen sin Klimalab, noko som styrkjer koplinga mellom innovasjon og utdanning.

Mål:

- Skape ein nøytral møteplass for dialog og samarbeid
- Leggje til rette for testing og utvikling av nye tenester og teknologi
- Fremje kreativ problemløysing og innovasjon i helsetenester
- Styrkje samhandling mellom aktørar på tvers av sektorar
- Bidra til kompetanseheving og erfaringsdeling i regionen
- Drive fram framtidsretta og berekraftig tenesteutvikling

Tiltak:

- Arrangere fagdagar med fokus på spesifikke tema som teknologi i helsetenester, innovasjonsmetodar, og tverrfagleg samarbeid
- Gjennomføre praktiske workshops for testing av nye løysingar, kreativ problemløysing og samskaping mellom brukarar, fagpersonar og andre aktørar
- Benytte Innolab som ein testarena for utprøving av teknologi og metodar i reelle eller simulerte situasjonar
- Tilby kurs og opplæring for tilsette og studentar innan innovasjon, teknologi og tenesteutvikling
- Etablere strukturar for deling av erfaringar og beste praksis mellom kommunar og samarbeidspartnarar
- Organisere møte med brukarar og pårørande for å inkludere deira erfaringar i utviklinga av nye tenester
- Støtte etablering av nettverk som fremjar samarbeid mellom helse, utdanning og næringsliv

SATSINGSOMRÅDE 2 – KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR

Nasjonal transportplan 2025-2036

Beskriving:

Regjeringa sin Nasjonal transportplan 2025–2036 fokuserer på vedlikehald og forbetring av eksisterande transportinfrastruktur. Planen prioriterer fylkesveggar, skredsikring, og tiltak for å redusere forseinkingar på jernbanen. Dette er avgjerande for å styrke beredskap og møte utfordringar med ekstremvêr og militær mobilitet.

Regionstyret og representantskap er aktive pådrivarar for eit politisk fokus på samferdsel i regionen og i Gudbrandsdalen.

Mål:

Gjennom Nasjonal transportplan (NTP) for 2025–2036, vil Interkommunalt politisk råd arbeide for å sikre at regionen sine interesser blir ivaretekne i gjennomføringa av planen. Dette inneber å samarbeide med Innlandet fylkeskommune for å fremje transportprosjekt og tiltak som er avgjerande for Nord-Gudbrandsdal for å sikre nødvendig infrastruktur og gode transportløyningar for regionen.

Tiltak:

Legge til rette for politisk påverknadsarbeid ved aktiv deltaking i samferdsel fora.

Fylkesvegprogrammet og mobilitet

Beskriving:

Arbeidet med eit nytt handlingsprogram for investeringar på fylkesvegane frå 2026 til 2029 er i gang, og fylkestinget vil vedta programmet hausten 2025. Endelege løyvingar til fylkesveggar blir fastsett årleg av fylkestinget i samband med fylkesbudsjettet.

God infrastruktur er avgjerande for busetting og arbeidsliv i heile Innlandet, og det er viktig å sikre gode løyningar både på veg og bane. Klimaendringar skaper utfordringar som flaum og skred, og det krev store investeringar for å styrke fylkesvegnettet og gjere det meir robust for framtida.

Mål:

Sikre at vår region får sin forholdsmessige del av utbetningsmidlar til fylkesvegnettet.

Tiltak:

Fylkeskommunen gjennomgår årleg tiltaka i programmet samtidig med arbeidet med fylkesbudsjettet for påfølgjande år. Rådet i Interkommunalt politisk råd skal vere pådrivarar for at kommunane, som formell høyringspart, er aktive i denne prosessen.

Luftfart

Beskriving:

Nord-Gudbrandsdal er den regionen som har størst avstand i landet til næraste flyplass med fast trafikk, noko som gjer reisetida lang til viktige destinasjonar. Etablering av eit flysamband vil kunne korte ned reisetida, styrke besøksnæringa, støtte næringslivet og bidra positivt for innbyggjarane og regional utvikling. Tidlegare har høge kostnader og lågt trafikkvolum gjort flyplassprosjektet utfordrande, men teknologiskiftet til el-fly kan gjere ei slik etablering meir realistisk enn før.

Mål:

Legge grunnlag for el-flytrafikk og bruk av drone i regionen når dette blir teknisk, marknadsmessig og juridisk mogleg.

Tiltak:

- Vidareutvikle kunnskapsgrunnlaget om framtidens luftfartsløysingar
- Synleggjere regionens behov for effektive transportløysingar, inkludert luftbaserte løysingar, for fylkeskommunale og statlege beslutningstakarar
- Involvere fylkeskommunen som bidragsytar
- Styrke kontakten med Widerøe Zero for å etablere ei formell rolle i deira program
- Periodisk vurdere andre initiativ enn Widerøe som kan hjelpe regionen å nå sine mål
- Utrede moglegheit for bruk av droneteknologi

Strømnett

Beskriving:

Nord-Gudbrandsdal står overfor utfordringar med auka strømbehov og begrensa nettkapasitet. Ein stabil strømforsyning er avgjerande for både samfunnskritiske funksjonar og næringslivet.

Mål:

1. Forsterke nettkapasitet
2. Fremje fornybar energi
3. Samordne offentlege og private aktørar
4. Langsiktig planlegging

Desse tiltaka vil sikre ein stabil og berekraftig energiforsyning for regionen.

Tiltak:

Regionrådet skal støtte opp under arbeidet, med mål om å styrke den lokale strømforsyninga og auka nettkapasitet.

Beredskap

Beskriving:

Nord-Gudbrandsdal er sårbar for naturhendingar som flaum, skred og ekstremvêr, forsterka av klimaendringar og store geografiske avstandar. Dette krev heilskapleg og koordinert beredskapsarbeid for å tryggje innbyggjarane. Samhandling mellom kommunar, naudetatar og lokalsamfunn er avgjerande for å førebyggje og handtere kriser effektivt, i tråd med nasjonale føringar.

Mål:

- Leggje til rette for betre samhandling mellom kommunar, naudetatar, frivillige organisasjonar og andre aktørar i regionen
- Bidra til å utvikle felles rutinar og strategiar for krisehandtering
- Auke den generelle kompetansen innan beredskap
- Sikre nødvendig infrastruktur, til dømes mobilnett

Tiltak:

Støtte opp under det regionale arbeidet med beredskap.

Planlegge og gjennomføre ein regional beredskapskonferanse med brei deltaking frå alle relevante aktørar.

SATSINGSOMRÅDE 3 – ATTRAKTIVITET

Arbeid og bustad

Beskriving:

Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal arbeider aktivt for å fremje regionens omdøme. Hovudmåla er å skape eit trygt og attraktivt oppvekstmiljø, forbetre folkehelsa og tiltrekke seg fleire innbyggjarar og arbeidsplassar. Gjennom strategiske tiltak ønskjer dei å gjere regionen meir attraktiv både for noverande og potensielle innbyggjarar, samt fremje utvikling innan arbeidsmarknaden, spesielt med fokus på yrkesfagutdanning og lærlingplassar.

Profilering og marknadsføring vil vere avgjerande for å oppnå desse måla, spesielt gjennom tiltak som Stillings- og lærlingesleppet/jobbmesse. Sosiale medium og digital marknadsføring vil spele ei viktig rolle i å nå ut til eit breitt publikum.

Mål:

Behalde og tiltrekke fleire innbyggjarar til Nord-Gudbrandsdal. Arbeide for ein stabil og positiv befolkningsvekst i regionen.

Fremje lærlingplassar og yrkesfagutdanning. Auke synlegheita og tilgjengelegheita av lærlingplassar, samt styrke yrkesfagleg utdanning som ein attraktiv karriereveg.

Bruke plattformen komtiloss.no for å marknadsføre ledige småbruk og hus i regionen, slik at dei blir meir attraktive for potensielle kjøparar eller leigetakarar.
Bygge ein profesjonell digital profil. Utvikle ein sterk og profesjonell digital nærvær som kan tiltrekke eit breitt publikum og styrke omdømet til regionen.

Tiltak:

- Årleg stillings- og lærlingeslepp i samband med arbeidslivsdag og jobbmesse.
- Utvikle og ta i bruk ein marknadsføringsplan i samarbeid med ein ekstern aktør som kan bidra til å lage ein gjennomført og profesjonell strategi.

Folkehelse

Beskriving:

Leggje til rette for å skape eit helsefremjande samfunn der innbyggjarane kan leve sunne og meningsfulle liv, uavhengig av bakgrunn eller livssituasjon. Fokus på folkehelse er viktig for å redusere helseforskjellar i regionen, fremje fysisk aktivitet, psykisk helse og sosial inkludering.

Mål:

Fokusere på å førebygge helseproblem før dei oppstår, med tiltak som fremjar fysisk aktivitet, sunn mat og psykisk helse.

Bidra til å jamne ut sosiale forskjellar gjennom verdier som mangfald og inkludering, og sikre at alle får like moglegheiter til ein sunn livsstil.

Informere og motivere skulane til å ta i bruk metoden "Fysisk Aktiv Læring" (FAL)

FAL er ein heilskapleg, pedagogisk tilnærming som integrerer fysisk aktivitet i læringsprosessen for å skape ein variert, praktisk og aktiv skolekvardag.

Tiltak:

- Utarbeide ein prosjektplan for å etablere eit regionalt friluftsråd som kan bidra til å fremje fysisk aktivitet i naturen, organisere friluftslivstiltak og auke tilgangen til grøntområde for regionens innbyggjarar
- Vidareføre prosjektet "E æ aktiv æ du?"
- Oppretthalde og styrke samarbeid mellom skular og ulike faggrupper for å fremje implementeringa av FAL-metoden i heile regionen, samt sikre opplæring av lærarar og pedagogisk personale for å gjere fysisk aktiv læring til ein naturleg del av skulekvardagen.

Styrka frivilligheit i Nord-Gudbrandsdal

Beskriving:

Gjennom eit forprosjekt har vi kartlagt status for frivilligheiten i Nord-Gudbrandsdal, i samarbeid med idrettslag, idrettsråd og utvalde frivillige lag. No ønskjer vi å gå vidare med planlegging og oppstart av pilotprosjekt som skal bidra til å styrke frivilligheiten i regionen.

Mål:

Styrke kunnskap og medvit om utfordringane knytta til rekruttering av frivillige til idrettsorganisasjonar og andre frivillige lag.

Styrke kunnskap og medvit om korleis frivilligheiten kan tilby eit allsidig fritidstilbod i ein region med negativ befolkningsutvikling.

Definere tiltak som kan bidra til å avhjelpe dei endra føresetnadene for frivilligheiten, særleg i forhold til negativ befolkningsutvikling og aldrande befolkning.

Tiltak:

- Oppstart av pilotprosjekt i ein eller fleire kommunar i Nord-Gudbrandsdal som skal vere knytte til det pågåande forprosjektet "Styrka frivilligheit i Nord-Gudbrandsdal" og ha som mål å prøve ut og implementere konkrete tiltak for å styrke frivilligheiten i regionen
- Arrangere ei frivilligheitskonferanse for å samle aktørar frå idrettslag, frivillige organisasjonar og andre relevante aktørar. Konferansen vil fokusere på utfordringar og moglegheiter innan frivilligheiten

Ung i Nasjonalparkriket

Beskriving:

Starta som eit prosjekt i 2012 som ei følgje av at Innlandet fylkeskommune ynskte ei heilskapleg satsing på ungdomsfeltet. Satsinga er forankra i styringsdokumenta til fylkeskommunen, og Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal sin 4-årige strategiplan.

Mål:

Skape felles arenaer for ungdom i prosjekt på tvers av kommunegrenser. Skape aktivitetar som er med på å styrke regional identitet, stoltheit og positive referansar. Skape grunnlag for gründermentalitet, entreprenørskap og næringsutvikling.

Tiltak:

- Regionmesse for elevbedrifter i Nord-Gudbrandsdal
- Initiere etablering av eit regionalt ungdomsråd
- Arrangere felles konferanse for alle ungdomsråda i regionen
- Initiere arenaer for regionale kulturtilbod
- UKM (Ung Kultur Møtes) har egen interkommunal arbeidsgruppe. Ung i Nasjonalparkriket gir økonomisk støtte

Økonomisk støtte til prioriterte arrangement

Beskriving:

Kulturnæringane har potensial for vekst. Løyvingar skal øyremerkjast kultur- og naturbaserte arrangement i kommunane. Arrangementa skal ha økonomiske ringverknader, utviklingspotensial og profilere regionen på ein god måte.

Mål:

Styrke næringspotensialet i denne type arrangement. Medverke til å gje innbyggjarar og tilreisande gode opplevingar. Stimulere til aktivitetar med eit langsiktig perspektiv.

Tiltak:

Midlane blir lyst ut med søknadsfrist 01.02.2025, og blir tildelt etter desse retningslinene:

1. Aktiviteten skal ha privat eller friviljug eigarskap
2. Aktiviteten skal ha kommersielt fokus som gjev økonomisk effekt for bedrifter og/eller frivillig sektor
3. Årvisse aktivitetar med underskot over fleire år må vise til nødvendig omstilling/utvikling for å bli prioritert
4. Arrangør skal leggje fram eit budsjett med minimum 50 % eigeninnsats i form av billettinntekter, salsinntekter, eigenkapital og/eller arbeidsinnsats
5. Aktiviteten skal eigast av ein registrert organisasjon (registrert i foretaksregister eller frivillighetsregister) Som hovudregel skal forretningsadresse vera i Nord-Gudbrandsdal
6. Kostnader til fysiske investeringar kan ikkje vera ein del av søknadsgrunnlaget
7. Aktiviteten skal gjennomførast i Nord-Gudbrandsdal
8. Aktiviteten bør ha eit langsiktig perspektiv med utviklingspotensial
9. Aktivitetar som fremjar samarbeid blir prioritert

Medlemskap i nettverk

Beskriving:

Betale deltaking i Fjellnettverket, Ungt Entreprenørskap og HelseINN

Fjellnettverket:

Eit politisk nettverk for fjellområda i Sør- og Midt-Norge. Fjellnettverket er eit politisk nettverk, og er ikkje eit eige rettssubjekt. Fjellnettverket arbeider for levande og livskraftige bygder i fjellområda. Fjellnettverket er pådrivar for ein politikk som sikrar at ressursar og verdier i fjellområda gjev grunnlag for utvikling og trivnad i fjellbygdene.

Ungt Entreprenørskap:

Ein ideell, landsomfattande organisasjon som saman med utdanningssystemet, næringslivet og andre aktørar arbeider for å utvikle barn og unge sin kreativitet, skape glede og tru på seg sjølve. Organisasjonen er ein brubyggjar mellom skule og arbeidsliv. Gjennom denne avtala ønskjer Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal å fremje kreativitet og entreprenørskap i skulen og at UE sine program blir brukt av kommunane. Program som avtala omfattar: 4. - 5 trinn: Vårt lokalsamfunn, 4. - 7. trinn: Smart, 10. Trinn: Økonomi og karrierevalg, Ungdomsskolen: Elevbedrift

HelseINN:

I 2022 vart kommunane med i HelseINN koordinert og finansiert gjennom IPR. HelseINN er ei helseklynge for samhandling og innovasjon mellom offentleg, privat og frivillig sektor. Saman med medlemsbedriftene arbeider HelseINN for eit betre folkehelsetilbod og smartare helsetilbod for innbyggjarane. HelseINN er organisert som ei ideell foreining. HelseINN med

sitt nettverk er ein viktig bidragsytar i regionalt innovasjon- og forskingsarbeid.
Medlemskapet vidareførast på same vilkår med samla kontingent på kr 200 000.

Mål:

Sikre at regionen har tilgang til nettverka over, og gjer seg nytte av ressursane nettverka representerer.

Tiltak:

- Politisk deltaking i Fjellnettverket
- Motivere grunnskulane i regionen til å bruke tilbodet frå Ungt Entreprenørskap
- Nytte HelseINN si kompetanse i utvikling og gjennomføring av prosjekt og kompetansetiltak

FORDELING PARTNERSKAPSMIDLAR 2025

Utdanning og fagopplæring	50 000,00
Nærings og samfunnsmessig interessearbeid	200 000,00
Politisk interessearbeid	150 000,00
INSAM og innovasjonsrådgivning	250 000,00
Innovasjonsverksted Helse	200 000,00
Beredskap	150 000,00
Attraktivitet (arbeid og bustad, folkehelse)	450 000,00
Stilling og lærlingssleppet	280 000,00
Styrket frvillighet	
Ung nasjonalparkriket	270 000,00
Støtte til prioriterte arrangement	600 000,00
Medlemskap i nettverk	350 000,00
Lønnsmidlar stilling dagleg leiar	550 000,00
	3 500 000,00

BUDSJETT 2025

Interkommunalt Politisk Råd For Nord-Gudbrandsdal



	Budsjett 2024	Budsjett 2025
Andre salgs- og leieinntekter	7 000	37 000
Overføringer med krav til motytelse	0	0
Andre overføringer	9 770 000	7 995 000
Sum driftsinntekter	9 777 000	8 032 000
Lønnsutgifter	5 782 200	4 789 000
Sosiale utgifter	348 568	286 809
Kjøp av varer og tjenester som inngår i tjenesteproduksjon	4 798 600	5 553 600
Overføringer	-1 135 568	-2 436 909
Sum driftsutgifter	9 793 800	8 192 500
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-16 800	-160 500
Renteinntekter og utbytte	17 400	161 000
Sum eksterne finansinntekter	17 400	161 000
Renteutgifter og låneomkostninger	600	500
Sum eksterne finansutgifter	600	500
Resultat eksterne finanstransaksjoner	16 800	160 500
NETTO DRIFTSRESULTAT	0	0
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	0	
Tilføring til disposisjonsfond	-71 685	-7 242
Bruk av bundne fond	4 000 000	3 850 000
Sum bruk av avsetninger	3 928 315	3 842 758
Avsatt til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk/mindreforbruk	-71 685	-7 242
Avsatt til bundne fond	3 532 000	3 603 500
Sum avsetninger	3 460 315	3 596 258
REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK/MINDREBORBRUK	468 000	246 500